



## **TROLLEDALEN**

*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Trolldalen gnr.100 bnr. 2, ligg nørst i Nordherad, ikkje langt frå Lomsgrensa. Dette bruket har også vore nemnd som Nyløkken. I 1865 var Jakob Olsen 1826-1918 husfar med litt jordveg. Jakob var frå Nyhus og vart i 1852 gift med Ragnhild Iversdotter Barhaugen f. 1830. I 1852 budde dei i Barhaugen og seinare i Nyhus fram til 1864. I 1865 og fram til 1869 er dei nemnde i Nyløkken. 1864-1865 er dermed oppstartingstidspunktet i søre Trolldalen. Jakob og Ragnhild hadde barna*

*Eli f. 1852*

*Ragnhild f. 1855*

*Mari f. 1858*

*Olea f. 1861*

*Kari f. 1864*

*Jacob f. 1867*

*Iver f. 1869*

*Mari f. 1872*

*Gunhild f. 1874*

*Ole f. 1877*

*Jakob bytte med son til systera Kari i Husehaugen og flytta dit, familien er nemnd i Husehaugen frå 1872.*

*Ole Andersen 1832-1922 frå Husehaugen overtok. Ved barnefødsel i 1871 er familien nemnd i Nyløkken og i 1872 fekk han festekontrakt på Trolldalen i statsalmenninga. Ole vart 1864 gift med Eli*

*Christensdotter Storvikseie 1839-1894 og i 1875 er ho nemnd som husmoder medan Ole var fråverande. Ole og Eli hadde barna*

*Kari f. 1866*

*Anders 1868-1873*

*Ragnhild f. 1871*

*Ymbjør f. 1873*

*Anders 1875-1956, neste brukar*

*Kristen f. 1878*

*Ola f. 1880, i folketellinga i 1900 er han nemnd som skreddar og skomaker*

*Ragnhild f. 1883, oppale i Ringneset hjå tanta Guri.*

*Trolldalen gnr. 100 bnr. 2 vart skyldsett i 1912 og Anders O.*

*Trolldalen fekk kongeskjøte det året, kjøpesummen var kr 400,-.*

*Anders som var skreiddar vart i 1901 gift med Kari Vehl-odden (Lia i Lom) 1881-1972. Barna deira var*

*Nils 1901-1984, overtok Viem etter Tora Odden (bestemora?), flytte seinare*

*attende til Trolldalen*

*Elise 1904-1994, gift med Ola Brenden f. 1898, busett på Bergli*

*Tea 1907-1991*

*Otto 1910-1954*

*Inger 1914-1987*

*Øyvind f. 1917*

*Asbjørn 1920-2004, gift 1954 med Sigrid Grasdalen f. 1918, bur i Grasdalen*

*Nina f. 1924*

*Otto overtok drifta i 1944, etter at han drukna i 1954 overtok syskjena Tea og Asbjørn Trolldalen. Frå 1965 var Tea eineeigar, og frå 1985 har Asbjørn eigd Trolldalen slik at jorda har vore brukt saman med Grasdalen. Dei siste som budde der var Nils og Tea, Tea flytte i 1987.*

*I 2004 vart Trolldalen seld til Arnold Larsen f. 1964 og han har busett seg der.*

*Husa i søre Trolldalen låg sør for husa i dag, og jordvegen var frå husa i dag og sørover. Etter at nördre Trolldalen vart fråflytt, vart*

*jorda der attåtlagt. Vest for bekken var tidlegare ikkje dyrka, dette vart brote av Anders og sonen Otto.*

*I 1865 var det i søre Trolldalen 1 ku, 1 sau og 7 geit, medan det vart sådd ½ tønne bygg og 1 tønne poteter. Ti år seinare hadde dei ikkje ku og det vart sett berre halvdelen så mykje poteter.*

*Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2 s. 29 og 51  
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 30  
Norske gardsbruk 1953-1998  
Folketellingar 1865, 1875, 1900  
Pantereregister/grunnbok  
Festekontrakt  
Utskrifter kyrkjebok for Vågå  
Asbjørn Trolldalen: munnleg meddelt  
Anna Randen: munnleg meddelt*